

VEDTEKTER FOR NORDHORDLAND BESTANDSPLANOMRÅDE

§1 Føremål

Bestandsplanområdet har som føremål å drive hjorteforvaltning innanfor området gjennom samarbeid om bestandsplan. Forvaltninga skal take omsyn til areala si bereemne og skadepress på innmark og skog. Bestandsplanen omhandlar berre sjølve avskytinga for området og ikkje noko i høve den interne jaktutøvinga for dei einskilde jaktvalda. Desse består som sjølvstendige einingar og får tildelinga av fellingsløyve frå kommunen i samsvar med bestandsplanen. Valda skal og rapportere fellingsresultatet og anna til kommunen i samsvar med gjeldande fristar.

§2 Medlemsskap

Valda innanfor området beskrive i §3 kan vere medlemar. Innmeldinga skal gjerast skriftleg til styret. Valdet får rettar og plikter som medlem frå det tidspunkt styret har motteke innmelding. Eit vald vert representert med valdleiar eller den valdleiar peiker ut. Utmelding skal gjerast skriftleg til styret og gjeld frå fyrste årsskifte etter den er motteken.

§3 Avgrensing

Bestandsplanområdet femner om kommunane Fedje, Austrheim, Askøy, Meland, Radøy og Lindås aust til Husdalsvatnet – Stallbotnen.

Avgrensinga er gjort for å femne om heile årsleveområdet til størstedelen av hjorten i området. Dette med grunnlag i kunnskap om hjortens områdebruk (merkjeforsøk og lokalkunnskap). Om ny og betra kunnskap seinare skulle tilsei at områdeavgrensinga ikkje er den beste i høve føremålet bør avgrensinga endrast i samsvar med dette.

Desse valda inngår i bestandsplansamarbeidet:

Kommune	Vald id	Valdnavn	Areal
Askøy	1247V0015	Askøy Nord Hjortevald	25841
Askøy	1247V0016	Askøy Sør Hjortevald	23844
Lindås	1263V0027	Helltveit	1500
Lindås	1263V0036	Fyllingsnes	2250
Lindås	1263V0041	Mundal	3500
Lindås	1263V0052	Lindås Hjortevald	46000
	Sum		102935

§ 4 Partar

Kvart vald har røystepartar i bestandsplanområdet etter teljande areal med slik gradering:

under-10 000 dekar	1 part
10 001-20 000 dekar	2 partar
20 001-30 000 dekar	3 partar
30 001-40 000 dekar	4 partar
Over 40 000 dekar	5 partar

§5 Arbeidsår

Rekneskaps- og arbeidsåret følger kalenderåret

§6 Årsmøte

Årsmøtet er bestandsplanområdet sitt øvste organ.

Styret kallar inn til årsmøte som skal heldast innan 31 mars kvart år. Innkallinga skal vere skriftleg med minst 14 dagars varsel. Innkallinga kan distribuerast elektronisk.

Berre medlemmar har røysterett. Alle medlemmar har ei røyst. Alternativt etter røystepartar i samsvar med §4.

Vedtak på årsmøtet vert fatta med vanleg fleirtal mellom dei frammøtte med røysterett. Endring av vedtektene krev 2/3 fleirtal med unntak av endring av § 3 som vert gjort med vanleg fleirtal. Dersom minst ein medlem krev det skal det nyttast gradert røysting. Kvar røystepart gjev rett til ei stemme ved gradert røysting jfr § 4.

Årsmøtet vert leia av styret sin leiar eller den som styret peikar ut.

Årsmøtet skal handsame:

- Styret sitt framlegg til årsmelding, rekneskap, budsjett og arbeidsplan for kommande år.
- styret sitt framlegg til forvaltningsplan og avskyting.
- innkomne saker
- val av styremedlemmar med personlege vararepresentantar, revisor og valkomite.

§7 Ekstraordinært årsmøte

Dersom styret eller minst 1/3 av medlemmane krev det skal det kallast inn til ekstraordinært årsmøte. Innkalling og sakshandsaming skal fylgje reglane for ordinært årsmøte.

§8 Styret

Bestandsplanområdet vert leia av eit styre på 5 personar. Alle styremedlemmane skal ha personlege vararepresentantar.

Styret konstituerer seg sjølv. Styret kan gjere vedtak når minst halvparten av medlemmane er til stades.

Styret skal:

- arrangere årsmøte, legge fram årsmelding og rekneskap, framlegg til budsjett, framlegg til bestandsplan, framlegg til avskyting og arbeidsplan for komande år.
- Søkje kommunen om godkjenning av bestandsplan godkjend av årsmøtet.
- gje god informasjon til medlemmane om faglege spørsmål
- gjennomføre dei vedtak som vert fatta av årsmøtet.

Det skal førast protokoll over styret sitt arbeid.

§9 Økonomi

Bestandsplanområdet er ansvarleg for finansiering av eiga drift.

Vedtektene vart fastsett på skipingsmøte 10.05.2016.